

Rosita



Harald Haug

Portrett av ein bygdemusikar

Smilets land

“Smilets land” var eit uttrykk Harald Haug brukte mykje når han prata musikk – noko som både refererte til komposisjonen av Franz Lehar, om livet og om nettopp musikk.

Mellom det å vera i “Smilets land” og i “Sårlengten”, i dur og moll, både musikalsk og personleg – her låg spennvidda og kjernen i mennesket Harald Haug frå Vågå. Det er eit vidt og rikt musikalsk liv som blir dokumentert på desse CD-platene. Alle melodiane er komposisjonar frå notepennen hans, og titlane er fargelagt av den samtida han levde i, men også av personlege og allmenne livsuttrykk.

Denne produksjonen har fått namnet “Rosita”, etter ein av dei vidast kjende og mest spelte komposisjonane hans. Mange grupper har denne komposisjonen på repertoaret, og han har nådd langt ut. Denne svenskinspirerte komposisjonen kom til etter ein tur med Vågå spelmannslag til “Musik vid Siljan” i Leksand i 1983. Ein lystbåt med akkurat det namnet, “Rosita”, tok dei felespelande vagværanane med på Dalälven i det frodige landskapet der i Dalarna.

Gjennom meir enn ein mannsalder hugsar vi den karismatiske Harald gåande med eit strålende glimt i auga framfor Vågå spelmannslag på kappleikscenen. Men dei færraste av oss visste at han femnde langt vidare - ikkje minst som komponist. Og *det* i mange sjangrar. Somme menneske har dette ved seg at dei blir eit nav i eit miljø- eit drivhjul. Dei har rett og slett stor kapasitet og særleine evner, og dette bruker dei til glede for andre. Men også for å vera tru mot det ein definerer som sitt inste. Harald Haug frå Vågå var eit slikt musikalsk nav midt i bygde-Norge. For han vart det komposisjonar, "leikje", spelmannsleing, mykje korps- og janisjarmusikk, strykeorkes- termusikk, dikt, leiting etter klanger, harmoniar, orgelbrus, saftige replikkar, samvær, menneskeglede og mot til å vise sentimentalitet og nær omsorg. Han fornøya og sette skule i lagspelet blant spelmannslag på fele ved harmoniseringar og stemmebruk som kledde melodien. Han skapte glede for andre i eit nærsamfunn, han kjende gleden ved å lykkast, men også vanskane med å møte motbør.

Denne produksjonen inneheld eit utval på 31 komposisjonar som speglar dei mangefasetterte livsuttrykka og stemningane



Ola Opheim og Harald Haug i tidlege spelmansår.
Foto: Ukjent

i det musikalske livet hans. For det store publikum er dette i stor grad ukjente melodiar, og dei blir her levandegjort av framstående utøvarar – av våre fremste i sitt slag i dag. Idéen bakom denne breie dokumentasjonen kjem fyrst og fremst frå sonen Trond-Ole Haug og barnebarnet Hallgrim Ulvik Haug. Men alle som er med har reist Harald Haug eit minnesmerke som blir ståande. Det har vorte eit vitnemål om eit skapande liv i musikken. I dag til glede for oss alle. Veggen går i eit variert tonelandskap i “Smilets land” til dei mollstemte tonane i “Sår-lengten”, slik barnebarnet Hallgrim tolkar denne i springleiken på CD 1.

Harald Haug kan med god grunn seiast å vera eit *episenter* for det rike folkelege musikklivet i si samtid. Dette sette mange spor i denne samtida og i oss i dag – noko desse CD-ane så absolutt vitnar om.

Rasmus Stauri

Biografi

Harald Haug vart fødd 27. januar 1920 og døydd 27. februar 1999. I samband med at han ville ha runda 100 år, blir det gjeve ut ein dobbel-CD med noko av musikken han laga.

Harald Haug var sentral i musikklivet i Vågå gjennom 50 år. Nær sagt alle musikksgangrar involverte han seg i. Han var dirigent i ei årrekke i Lalm musikkforening, Vågå musikkforening og Vågå guttemusikk. I Vågå salongorkester var han musikalsk leiar og drivkraft i bortimot 20 år. Han arrangerte og handskreiv mest alle notene for alle instrument og stemmer. Han leidde Vågå spelmannslag frå 1952 til 1989. Gjennom 37 år styrde han laget, på turnéar i inn- og utland, på alle kappleikane og ved andre presentasjonar i perioden, radioprogram, fjernsynsprogram og plateinnspelningar.

Han komponerte nokre hundre melodiar i ulike sjangrar. Vidare skreiv han ned mykje tradisjonsmusikk på noter og arrangerte fleire hundre slike.

Harald kom frå ein musikalsk familie med musikalske

foreldre og bror. Første instrumentet hans vart kornett og trompet i Vågå musikkforening frå 10-årsalderen. Fele begynte han med noko seinare. Ola Opheim (1920-2003), som var i nær familie, naboen Ola Nystugun (1875-1946) og fleire var til stor inspirasjon.

Elles var han meir eller mindre autodidakt, akkurat som den livslange, gode barndomskameraten og spellkompisen Hjalmar Moen (1920-2005) på trekkspel.

Han ville utdanne seg til organist, men vart frårådd det frå mor si og presten i bygda, da “musikken var en tornefull vei”. Harald reiste da til folkehøgskulen på Elverum, der han fekk utfalda seg musikalsk og lærde mykje av lærarar og likesinna medelevar. Han dirigerte både orkester og kor der. Seinare fekk han nærkontakt med korpslegenden Østen Toft, som lærde han mykje.

Harald tok handelsskuleeksamen. Det var som handelsmann han livnærte seg. Han arbeidde både på Vinstra og Lesja før han var på Vågå Handelsforening i 25 år. I 1967 starta han bedrifta “Jutulbu” i Vågåmo.

Men det var musikken han brukte mest tid på. I tidlegare år var han òg ein ivrig amatørkunstmålar og han likte å skrive tekster. Mellom anna laga han både tekst og melodi til "Vågåsangen".

Æresmedlem i Vågå spelmannslag 1982
Kongens fortjenestemedalje i gull 1983
Gudbrandsdal Sparebanks Innsatspris 1983,
saman med Ola Opheim
Æresmedlem i Landslaget for Spelemenn 1989
TONO-stipend 1989
Kulturprisen for Vågå 1999 (post mortem)




Vågåsekstetten på 1970-talet. Frå venstre Svein Hovdinn, Hjalmar Moen, Leiv Skeidsvoll, Leif Moen, Knut Berg og Harald Haug.
Foto: Mathias Øvsteng



Vågå salongorkester tidleg i 1950-åra. Det kom fleire til etter kvart. Dirigent Harald Haug nr 3 frå venstre i fremste rekkje. Eldri Gjesling Sandbo heilt til høgre. Det var til henne Harald laga reinlenderen "Eldri". Foto: Ukjent



Denne trioen frå førkrigsåra kalla seg "Skrammelgutta". Frå vestre Harald Haug, broren Thoralf Haug og kameraten Hjalmar Moen. Foto: Ukjent



Innstudering av musikk til revy sist på 1930-talet. Frå venstre Harald Haug, Ivar Storvik, Alf von Korff og Johan Flatmo. Von Korff var ein musikalsk tysker som heldt til i Vågå i førkrigsåra. Da krigen braut ut, forsvann han. I Vågå vart det spekulert i at han var tysk spion.

Foto: Ukjent

CD 1

1 Rosita, gånglåt

Over Stok og Steen, Bjørn Kåre Odde, Vegar Vårdal

Komponist Harald Haug. Arr. Ronny Kjøsen

Komponert i 1983 etter ein strålande Sverige-tur til “Musik vid Siljan”. “Rosita” var namnet på båten som tok spelmannslaget med på ein uforgløyemeleg tur på Dalälven.

Tidlegare innspelt av Ulens kvintett, Brazz Brothers/Vågå spelmannslag og HMK – Kongens Gardes musikkorps.

Jf. kutt 15 på CD2.

2 Eldri, reinlender

Over Stok og Steen

Komponist Harald Haug. Arr. Ronny Kjøsen

Tileigna pianisten i Vågå salongorkester,

Eldri Gjesling Sandbo i 1954.

3 Stor-Jehans, springleik

Hallgrim U. Haug

Komponist Harald Haug.

Springleik laga i 1981. Namnet relaterer til ein dyktig springleikdansar i Vågå.

4 Sør-Frons-brura, bruremarsj

Vågå spelmanslag

Komponist Harald Haug. Arr. Harald Haug/Dag Gården

Skrivi til Sør-Fron juniorspelmanslag i samband med instruksjon der i 1981.

5 Per Ivars reinlender

Sprell

Komponist Harald Haug. Arr. Mads Erik Odde

Leiken vart skrivi og dedikert til Per Ivar Moe i 1965 da han vart verdsmeister på Bislett. Harald og Ola Opheim urframførte leiken på direkten i Nitimen. Far til Per Ivar var med i studio og tok imot leiken på vegner av sonen, som var på nye skøyteløp.

6 Bryllupsvalsens

Over Stok og Steen

Komponist Harald Haug. Arr. Ronny Kjösen

Skrive til sonen Trond-Ole da han gifta seg i 1975.

7 Tusselåt ved Tuvstultjønn, halling

Hallgrim U. Haug

Komponist Harald Haug.

Denne hallingen har fått namnet sitt frå Tuvstultjønn som

ligg ved sætra Tuvstulen, der Harald heldt til om somrane.

Harald vann klassa for nyskaping med denne leiken på

Distriktsskappleiken på Oppdal i 1979.

8 Barnets bønn, trompethymne

Leiv Skeidsvoll, Over Stok og Steen, Bjørn Kåre Odde, Vegar Vårdal

Komponist Harald Haug. Arr. Ronny Kjösen

Skrivi til sonen da han vart fødd i 1952.

Trompet var også instrumentet til Harald i mange år.

Her spelar nevøen Leiv Skeidsvoll solo.

9 Kyndelsmessgløtten, reinlender

Vågå trekkspelklubb

Komponist Harald Haug. Arr. Harald Haug

På nota har Harald skrivi: “Etter gamle værprofetar heiter det at Kyndelsmessgløtten var den vesle solgløtten som helst skulle skine så lenge Kyndelsmessdagen at ein kunne vinnast å sela for ein hest. Da vart det fin vår og sommar. Kyndelsmessdagen er 2. februar. I folketrua er dagen eit merke for at halve vinteren er gått”.

10 Golvet einsleg, springleik

Leif Inge Schjølberg

Komponist Harald Haug.

Springleik laga i 1979.

11 Masurka

Bjørn Kåre Odde og Ronny Kjøsen

Komponist Harald Haug. Arr. Ronny Kjøsen/Bjørn Kåre Odde

Masurka laga på 1950-talet. Ein av dei få namnlause komposisjonane til Harald Haug. Masurkaen fann vi som ein kladd på baksida av eit anna noteark. Det var slik han jobba. Ronny Kjøsen har fullført leiken med å setja på nokre takter mot slutten.

12 Andføttesvalsen

Vågå spelmannslag

Komponist Harald Haug. Arr. Harald Haug

Denne valsen vart komponert i 1949 og vart skrivi til Vågå salongorkester. Å liggje andføttes betyr å liggje med føtene mot kvarandre.

13 Ball på Bekkhaugen, reinlender

Sprell

Komponist Harald Haug. Arr. Mads Erik Odde

Laga i 1978 til Vågåsekstetten. Bekkhaugen er namnet på hytta Harald sette opp.

14 Sår lengten, springleik

Hallgrim U. Haug

Komponist Harald Haug

Springleik laga i 1980.

15 Husken, galopp

Over Stok og Steen

Komponist Harald Haug. Arr. Ronny Kjøsen

Komponert i 1978, da Vågåsekstetten var på sitt mest aktive.

16 Påskevalsens

Vegar Vårdal og Hallgrim U. Haug

Komponist Harald Haug. Arr. Vegar Vårdal

Komponert på Bekkhaugen påska 1962. Inspirert etter besøk av Ola Opheim og formann Bergtor Gjerde i Romsdal spelemannslag.

17 Toves vuggevise

Over Stok og Steen, Bjørn Kåre Odde, Vegar Vårdal

Komponist Harald Haug. Arr. Ronny Kjøsen

Komponert i 1952. Harald var sikker på han skulle få ei dotter og laga denne voggevisa. Og fornarnet skulle starte på T, altså Tove. Seinare vart det Barnets bønn til ein son, også med fornarn på T.



Harald i sitt rette ess som leiar i Vågå spelmannslag.
Bildet er frå jubileumskonserten i spelmannslaget
i 1982. Foto: Mathias Øvsteng



Harald Haug blir tildelt Kongens fortjeneste-medalje i gull av fylkesmann Knut Korsæth i 1983. Foto: Odd Bergdølmo

CD 2

1 Hilsen til Vågå, masurka

Sprell

Komponist Harald Haug. Arr. Mads Erik Odde

Laga på 1950-talet til Vågå salongorkester.

2 Kveldssetolengten, springleik

Hallgrim U. Haug

Komponist Harald Haug

Springleik laga i 1980.

3 Intermesso

Over Stok og Steen

Komponist Harald Haug. Arr. Ronny Kjøsen

Komponert til Vågå salongorkester på 1950-talet.

4 Sjø og salt, vals

Vågå trekkspelklubb

Komponist Harald Haug. Arr. Harald Haug

5 Ella, masurka

Mads Erik Odde

Komponist Harald Haug. Arr. Mads Erik Odde.

Komponert i 1951. Harald dedikerte leiken til kona Ella.

6 Takk for sist, reinlender

Sprell

Komponist Harald Haug. Arr. Mads Erik Odde

Reinlenderen vart laga tidleg på 1960-talet. Nygaards kvartett spelte inn leiken, og den har fått stor utbreiing i heile Norden. Leiken har vore brukt som vignett på store arrangement i Vågå – både på Landsfestivalen 2012 og på Landsfestivalen 2021, som er under planlegging.

7 Vasstrosten, halling

Vegar Vårdal

Komponist Harald Haug.

Under “Vassviku”, som vart arrangert i Vågå i fleire år, skreiv Harald denne hallingen til Kronprins Håkon, som opna arrangementet i 1992. Barnebarna Hallgrim og Eli-Helene framførde leiken ved opningsseremonien.

8 Hilsen til Bergstaden, rundvals

Over Stok og Steen

Komponist Harald Haug. Arr. Ronny Kjøsen

Leiken vart laga til Distriktskappleiken på Røros i 1981, der den vart framført i klassa for nyskaping.

9 Bekksøm og Hæljønn, reinlender

Vågå trekkspelklubb

Komponist Harald Haug. Arr. Medlemene i trekkspelklubben.

Komponert i 1970-åra, da Vågåsekstetten var på sitt mest aktive.

10 Romsdalsbrura

Bjørn Kåre Odde og Ronny Kjøsen

Komponist Harald Haug. Arr. Ronny Kjøsen

I 1960-åra var det mykje kontakt mellom spelmannslaga i Vågå og Romsdal. Harald skreiv bruremarsjen til romsdalingane. Harald vann klassa for nyskaping på Landskappleiken i Molde i 1966, med sjølvaste Eivind Groven som hovuddommar.

11 Anton-hallingen

Vågå spelmannslag

Komponist Harald Haug. Arr. Harald Haug/Dag Gården

Anton-hallingen er tileigna spelmanns- og instruktørkollegaen Anton Amundgard på Sør-Fron. Dei to samarbeidde mykje ein vinter da Harald var med og instruerte Sør-Fron juniorspelmannslag, noko som resulterte i kassettninnspeing og radioprogram med dei dyktige juniorane på Sør-Fron.

12 Tango Intim

Over Stok og Steen, Bjørn Kåre Odde, Vegar Vårdal

Komponist Harald Haug. Arr. Ronny Kjøsen

Ein av mange tangoar Harald komponerte til bruk i Vågå salongorkester. Denne er frå 1951.

13 Bekkjekulpen, halling

Hallgrim U. Haug

Komponist Harald Haug

Laga i 1981.

14 Mixmaster'n, galopp

Over Stok og Steen

Komponist Harald Haug. Arr. Ronny Kjøsen

Komponert i 1978 til bruk i Vågåsekstetten.

15 Rosita

Hans Majestet Kongens Gardes musikkorps

Komponist Harald Haug. Arr. Bjørn Melleberg

Bjørn Melleberg arrangerte Rosita for musikkorps.

Gardemusikken spelte den inn i 2001 på CD-en "Listen to Norway" (NGMF 104). Dirigent Kjell Martinsen.

Vi har teke med denne fordi Harald hadde ei lang fartstid også som korpsmusikar og dirigent. Han har dessutan komponert mykje for janitsjar, både marsj-marsjar, jubileumsmarsjar, overtyrer m.m.



Slik mange hugsar Harald framfor spelmanslaget.

Foto: Ketil Sandviken

Bygdakunstneren

Nå sitter du med ei plate med musikk av en sann bygdeknustner i hendene. Ei plate med et like mangslungent repertoar som komponisten selv. Da jeg ble spurt om det ærefulle oppdraget å være produsent, begynte jeg å gå igjennom noe av den store produksjonen til Harald Haug. Det er en imponerende produksjon! Jeg er imponert over mengden, over allsidigheten, over hans melodiske og musikalske åre. Og ikke minst, imponert over kvaliteten. Haralds produksjon spenner fra slåttekomposisjoner og runddans, sarte visetoner, hymner, musikk til korpset, salongorkesteret, Vågåsekstetten og mye mer. Alt med arrangement spesielt tilpassa musikerne som skulle bruke det. Det er kunst, en kunst Harald Haug kunne til fingerspissene.

Jeg føler meg hjemme i Haralds musikk. Hele livet har jeg laga og tilpassa musikk til de som skal ha det, uten å tenke på sjanger. Jeg føler meg ikke som folkemusiker, jeg er en funksjonsmusiker. Det samme var Harald Haug.

Det jeg har satt størst pris på i prosessen er å høre Hallgrim Haug spille sin bestefars komposisjoner, både solo, duo og i samspill med Sprell. Målet med produksjonen har vært å bevare både spellmannsånden og finessen i Haralds musikk. Det håper jeg vi har klart.

En stor takk til alle fabelaktige spillmenn som har vært med.



Vågå spelmanlag fotografert i bygdamuseet Jutulheimen i 1950-åra. Mange kjente spelmenn frå tidlege spelmanlagsår. Foto: Kjell Andersen

Og ikke minst takk til Trond-Ole, Hilde og Hallgrim som får meg til å føle meg hjemme både i Vågå og i denne fabelaktige musikken.

Ronny Kjøsen
Produsent

Musikarane

Over Stok og Steen:

Ronny Kjösen (trekkspel, flygel, trøorgel), Thomas Nilssen (trekkspel, klarinett), Thomas Lomundal (fele), Morten Brattås (gitar), Frode Slupphaug (kontrabass).

Sprell:

Arne Stasviken (trekkspel), Mads Erik Odde (trekkspel), Hallgrim Ulvik Haug (fele), Ola Nasset (kontrabass), Jan Erling Eilefstad (gitar).

Vågå trekkspelklubb:

Arne Stasviken (leiar), Jan Fyrun, Rikard Odnes, Øyvind Sandum, Oddvar Eimstad, Kåre Holshagen, Odd Sandum, Jarleif Kjørren, Ragnar Olderløyken, Even Offerdal Bakken, Jørn Kjetil Solbakken, Jon Sverre Toresen, Linda Kveen, Randi Stulen, Odd Ymbjörgøyen, Odd Egil Kveen.

Vågå spelmannslag:

Leif Inge Schjølberg (leiar), Kristin Teigen, Hilde Reitan,

Thor Holbø, Hallgrim Ulvik Haug, Anders Schjølberg, Jostein Schjølberg, Harald Sve Bjørndal, Gunnar Vole, Ketil Sandviken, Ketil Størseth, Trond-Ole Haug, Jan Visdal, Rikard Odnes, Dag Gården, Svein Ove Brun, Odd Egil Kveen.

I tillegg:

Bjørn Kåre Odde (fele, bratsj), Vegar Vårdal (fele, oktavfele), Mads Erik Odde (trekkspel), og Leiv Skeidsvoll (trompet) og Gardemusikken.



Musikalsk leiarskifte i spelmannslaget under Folkemusikktreffene i 1989. Harald leiar laget for siste gong og Kristian Gården til venstre tok over. Foto: Mathias Øvsteng

Takk

Tusen takk til alle som har gjort denne produksjonen mogleg.

Takk til alle musikarane som har bidrege: Over Stok og Steen, Sprell, Vågå spelmannslag, Vågå trekkspelklubb, Bjørn Kåre Odde, Mads Erik Odde, Vegar Vårdal, Leif Inge Schjølberg, Leiv Skeidsvoll, Hallgrim Ulvik Haug og Gardemusikken.

Takk for økonomisk støtte frå Vågå kommune, Vågå spel- og dansarlag, Vågå hotel, Sparebank1 Lom og Skjåk, Sve Gard, Brun Bygg - og ikkje minst Hilde og Hallgrim!


Stor takk til lyd- og opptaksansvarleg Terje Gording Hong, lydmaker.no og ikkje minst Ronny Kjøsen, som har vore produsent, tilretteleggjar, musikar og arrangør.

Takk og til Rasmus Stauri for skrivning, IVK Design og til Ta:lik for utgjevinga.

Og endeleig takk til Ketil Sandviken, Mathias Øvsteng og Kjell Andersen for lån av bilde.

Framsidedbildet er teke av Carethe Amundsen, som var på Krogvoldkurs i Vågå på 1990-talet. Takk!

*Trond-Ole Haug
Utgjevar*



Dei fire som har arbeidd mest med denne produksjonen.
Frå venstre Hallgrim Ullvik Haug, Terje Gording Hong,
Ronny Kjøsen og Trond-Ole Haug. Foto: Ketil Sandviken



Foto: Kertil Sandviksen

Kontaktinfo:

Trond-Ole Haug

Tlf 958 99 952 / t-o-hau@online.no

Hallgrim Ulvik Haug

Tlf 997 25 941 / h.h.haug@gmail.com

Opptak og redigering:

Terje Gording Hong, lydmaker.no

Produsent: Ronny Kjösen

Innspeling: Vågå kulturhus 28.-30. august 2020

Framsidede: Carethe Amundsen

Grafisk Design: IVK Design